

**ENDRING** - -Fellesforslag frå partia H, FrP, krF, SL-TVØ, V og PP

Fellesforslag frå partia H, KrF, FrP, SL-TVØ, V og PP: Det vert vist til høyringsuttalen i saka.

### **Innleiing**

Auka politisk handlekraft og involvering.

Øygarden Kommune er den nest største kommunen i fylket etter Bergen og den 27. største kommunen i Norge med nesten 40.000 innbyggjarar.

For å sikre sterk politisk involvering er det viktig at dei folkevalde har rammevilkår som gjer at dei kandelta på ulike samhandlingsarenaer. Endringane som er føreslått forsterkar moglegheita til deltaking på viktige arenaer.

Justeringar på godtgjerslereglementet:

### **Varaordførar**

Øygarden kommune har som målsetnad å være synleg og til stades på mange ulike arenaer, i tillegg er varaordføraren i denne perioden tiltenkt en del faste oppgåver. Leiar av Adm utvalet, fast møtande kontakt for de ulike råda, samt leier av klageutvalet.

Varaordførar godtgjersle/frikjøp 70% (774\*). 100 % fast tilstedeværelse, dette inkluderer alt arbeid knytt til verv i kommunen. Endringa vert gjort gjeldande frå dags dato.

### **Utvalsleiarar**

Dette gjeld berre for leiarar av hovudutvala:

For å sikre rammene for god dialog med innbyggjarar og administrasjon, held vi fram rutinen med at utvalsleiarar er til stades på rådhuset kvar måndag. I tillegg er det lagt inn høve for å kunne delta på ulike møter og konferansar.

Utvalsleiarar godtgjersle/frikjøp 30% (332\*). 20 % fast tilstedeværelse, dette inkluderer alt arbeid knytt til utvalet.

### **Nestleiarar**

Dette gjeld berre for nestleiarar i hovudutvala:

Det er eit tydeleg ønske om at kommunen skal kunne delta og være til stades på ulike arenaer.

I og med at leiar i utvala ikkje vil kunne dekke alle desse er det naturleg at nestleiar får ei meir aktiv rolle i høve dette.

Nestleiar godtgjersle 15% (166'). Dette inkluderer alt arbeid knytt til utvalet.

### **Formannskapet**

Formannskapet si godtgjersle vert satt til 10% / (109') ,dette inkluderer alt arbeidet knytt til utvalet.

### **Utvalsmedlemmer**

Medlem i hovudutvala får 6% i fast godtgjersle, i tillegg blir det utbetalt møtegodtgjersle etter Gruppa A. pr møte.